

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 13.01.2012
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2011**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 004/12 B

Styremøte 01.02. 2012

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. november 2011 til etterretning.

Oppsummering

Aktivitetsnivået innan somatiske sektor er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern.

Samla for alle føretak og alle fagområde er det kortare ventetid for behandla pasientar i november enn i oktober 2011 og lågare ventetid i november 2011 enn same tid i 2010. Samla for føretaksgruppa er det noko færre fristbrot men utviklinga med å fjerna fristbrota går ikkje så fort som ønskjeleg.

Det er ei positiv utvikling i talet på korridorpasientar innan somatikk, men det er fortsatt høge tal i Helse Bergen og Helse Stavanger. Innan psykisk helsevern er tala låge, men det er fortsett noko bruk av korridorpassar i Helse Stavanger.

Akkumulert økonomisk resultat etter elleve månader er kr 299,2 mill som er kr 101,3 mill betre enn budsjettet. Justert for reserve er resultatet kr 241,7 mill betre enn budsjettet. Med utgangspunkt i middelsprognosen vil resultatet i føretaksgruppa vere på om lag kr 484 mill ved årets slutt. Helse Vest har ved utgangen av november ein netto likviditet på minus kr 883 mill.


Måлтаlet for eit samla sjukefråvær er på 5,5 % eller lågare. For det sjukemeldte sjukefråværet er måлтаlet på 4,5 % eller lågare. Per november var det samla sjukefråværet på 7,0 % og eit sjukemeldt sjukefråvær på 5,8 %.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. november 2011.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

 Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status	=
Somatikk					
Aktivitet målt i DRG-poeng		7,1%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald		2,6%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet		7,9%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge					
Aktivitet døgntilgang		-2,7%	2%		
Aktivitet dagtilgang		-2,7%	5%		
Psykisk helsevern for voksne					
Aktivitet døgntilgang		-1,0%	2%		
Aktivitet dagtilgang		8,2%	5%		

Somatikk

Samla aktivitetsnivå i 2011 er fortsett høgt sett i forhold til tal på same tid i 2010. Det gjeld både aktivitet målt i DRG-poeng, opphald og polikliniske konsultasjonar.

Psykisk helsevern


Hovuddelen av aktiviteten innan psykisk helsevern for barn og unge er knytt til dagtilgang og poliklinikk. Det er et klart mål å auke aktiviteten her. Utviklinga er ikkje i tråd med dette.

Innan psykisk helsevern for voksne er det også ønskjeleg å auke dagtilgang og polikliniske/ambulante tenester. Mens det i førre rapport blei vist auka aktivitet her, viser denne siste rapporten ingen vekst.

2. Ventetidsutvikling


Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde

Ventetidsutviklinga er fortsett positiv sjølv om det ikkje er store endringar.



Det er kortare ventetid for behandla pasientar i november enn i oktober 2011 og lågare ventetid i november 2011 enn same tid i 2010.

Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde




For ventande pasientar ved periodeslutt er det ein liten nedgang frå oktober til november 2011.


Somatikk

Innan somatikk er det litt kortare ventetid i alle helseføretaka for ventande pasientar ved periodeslutt. Det gjeld også for behandla pasientar.

Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak - Somatikk




Psykisk helsevern for barn og unge


Det er ei positiv utvikling i alle helseføretaka. Ventetida for ventande går ned i alle helseføretaka frå oktober til november 2011. Det er også ei klar betring i Helse Fonna sjølv om ventetida fortsett er for høg.

Det er eit meir uklårt bilete for dei som er tatt til behandling. Den lange ventetida i Helse Fonna kan positivt forståast slik at pasientar som har venta lenge no er tatt til behandling.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak - BUP



Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak - BUP




Psykisk helsevern for voksne


For ventande ved periodeslutt har ventetida gått opp litt frå oktober til november 2011. Det er særleg Helse Stavanger som har lang ventetid.

For dei som er tatt til behandling er ventetida låg, også i Helse Stavanger, og har samla gått ned frå oktober til november 2011.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Samla utvikling i tal og prosentdel for Helse Vest

Det er noko færre fristbrot, men utviklinga med å fjerna fristbrota går ikkje så fort som ønskjeleg. Det er særleg grunn til uro for utviklinga i Helse Stavanger.


Det er fortsett mange langtidsventande, og flest Helse Stavanger. Det er behov for nye tiltak her.

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-nov	2032	7 %	2273	18 %	4305	10 %	2031	18 %
2010-des	1367	5 %	1530	15 %	2897	8 %	1451	11 %
2011-jan	1144	4 %	1261	11 %	2405	6 %	1538	14 %
2011-feb	963	4 %	1000	9 %	1963	5 %	1167	11 %
2011-mar	836	3 %	979	8 %	1815	5 %	1183	10 %
2011-apr	903	4 %	718	8 %	1621	5 %	1079	10 %
2011-mai	987	4 %	979	9 %	1966	5 %	1358	11 %
2011-jun	1012	4 %	990	10 %	2002	6 %	1377	12 %
2011-jul	1664	6 %	550	10 %	2214	7 %	1398	14 %
2011-aug	1560	6 %	1270	14 %	2830	8 %	1632	16 %
2011-sep	1184	4 %	1394	13 %	2578	7 %	1438	13 %
2011-okt	1093	4 %	1026	10 %	2119	6 %	1224	12 %
2011-nov	974	4 %	911	8 %	1885	5 %	1041	10 %

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Utvikling i tal langtidsventande (1år+) per helseføretak




4. Korridorpasientar


Innan somatikk er det høge tal i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Innan psykisk helsevern er tala låge men det er fortsett noko bruk av korridor plassar i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern




5. Økonomi

5.1 Resultat

	November			Hittil pr. november		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	739	746	-7	14 153	13 007	1 146
Helse Bergen	-7 484	11 548	-19 032	159 199	132 083	27 115
Helse Fonna	-2 271	772	-3 043	-23 941	9 219	-33 160
Helse Førde	-5 905	-3 239	-2 666	-47 129	-36 762	-10 367
Helse Stavanger	-12 321	3 330	-15 651	39 029	36 610	2 418
Fellesområde, føretaksgruppa	-7 921	-963	-6 958	142 594	41 271	101 323
Administrasjonen	9 479	-648	10 128	14 680	630	14 051
Helse Vest IKT	-3 234	-1 513	-1 721	584	1 837	-1 253
Til saman	-28 918	10 034	-38 951	299 168	197 895	101 273
Reserve	12 750		12 750	140 397	0	140 397
Korrigert resultat	-16 168	10 034	-26 201	439 565	197 895	241 670

Alle tall i heile tusen


Det økonomiske resultatet i november er minus kr 28,9 mill som er kr 39 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat etter elleve månader er kr 299,2 mill som er kr 101,3 mill betre enn budsjettet. Justert for reserve er resultatet kr 241,7 mill betre enn budsjettet.



Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit negativt resultat i november på kr 12,3 mill som er kr 15,7 mill dårlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 39 mill som utgjer eit positivt budsjettavvik på kr 2,4 mill.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 101,5 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 99 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 26,9 mill. Føretaket melder at kr 27,6 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit positivt avvik på lønn på kr 0,7 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 47,2 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Gjestepasientområdet viser eit negativt avvik på kr 29 mill og føretaket signaliserer auka risiko for at dei somatiske gjestepasientkostnadane vil auke framover på grunn av arbeidet med å redusere talet på fristbrot.




Alle tall i heile tusen

Resultatet i november er på minus kr 2,3 mill som er kr 3 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 23,9 mill mot eit budsjettert resultat på pluss kr 9,2 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 33,2 mill.

Etter elleve månader viser inntektene eit positivt avvik på kr 12,6 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 41,3 mill. Personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit akkumulert negativt avvik på kr 44,5 mill. Hovudårsaka til det avviket er overforbruk av lønn til faste stillingar og overtid. Føretaket klarer ikkje å redusere personalkostnadane i takt med ein relativt stor nedgang i talet på behandla pasientar i perioden, særleg innan det somatiske området.

Helse Bergen



Alle tall i heile tusen


Resultatet for november månad viser eit underskot på kr 7,5 mill som er kr 19 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 159,2 mill som er kr 27,1 mill betre enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 156 mill og skuldast i hovudsak høg aktivitet i føretaket, medan driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på i overkant av kr 136 mill.

Lønnskostnad og innleige har eit negativt budsjettavvik på kr 35,5 mill og skuldast til dels den høge aktiviteten i føretaket samt eit dyrare lønnsoppgjer enn budsjettert. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til psykiatri og rus.

Helse Førde

Akkumulert resultatutvikling Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet i november er minus kr 5,9 mill som er kr 2,7 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er negativt med kr 47,1 mill som er kr 10,4 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene er hittil i år kr 3,8 mill høgare enn budsjett medan kostnadssida syner eit negativt avvik mot budsjett på kr 14,3 mill. Lønnskostnadane viser eit meirforbruk på kr 19,2 mill og det er og eit mindreforbruk på kr 2,5 mill knytt til varekostnader. Føretaket er om lag på budsjett knytt til andre driftskostnader og finanskostnadane har eit mindreforbruk på kr 2,6 mill.

Kjøp av helsetenester

Etter elleve månader er resultatet kr 101,3 mill betre enn budsjettet. Det positive avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av laboratorium og røntgentenester, mindreforbruk knytt til fellesprosjekt og høgare renteinntekter enn budsjettet.

Administrasjonen

Akkumulert resultat pr. november er kr 14,1 mill betre enn budsjettet og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt gjennom året.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i november er om lag som budsjettet. Akkumulert resultat er kr 14,2 mill som er kr 1,1 mill betre enn budsjettet. Inntektene er kr 8,5 mill under budsjett som samsvarar med driftskostnadane som er kr 8,5 mill lågare enn budsjettet. Finansinntektene er kr 1 mill over budsjett.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i november er kr 1,7 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 0,6 mill som er kr 1,3 mill svakare enn budsjettet.

5.2 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	160 000	140 000	20 000
Helse Fonna	-30 000	10 000	-40 000
Helse Førde	-55 000	-40 000	-15 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	160 000	40 000	120 000
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	289 100	204 100	85 000
Reserve	153 000		153 000
Korrigert resultat	442 100	204 100	238 000

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger opprettheld si prognose med eit resultat lik budsjett. Helse Førde opprettheld òg si prognose som gir eit resultat som er kr 15 mill svakare enn budsjett.

Helse Fonna forverrar si prognose til no å vise eit resultat på minus kr 30 mill som er kr 40 mill svakare enn budsjett. Årsaka til endringa skuldast hovudsakleg at omstillingstiltaka ikkje har hatt nemneverdig effekt. I denne prognosen er det ikkje tatt omsyn til nedskriving av Sauda sjukehus. Dette vil utgjøre om lag kr 33 mill i redusert resultat. I tillegg må Helse Fonna vurdere bruksverdien for ytterlegare eit par eigedommar.

Helse Bergen forbetrar sitt prognoseresultat til å være kr 20 mill betre enn budsjettet.

Basert på ein heilskapeleg vurdering gir administrerande direktør følgjande best-middels-verst prognose for føretaksgruppa:

	Avvik pr november	Budsjettavvik - årsprognose		
		Best	Middels	Verst
Sjukehusapoteka Vest	1 146	5 000	2 000	-
Helse Bergen	27 115	40 000	30 000	20 000
Helse Fonna	-33 160	-40 000	-45 000	-50 000
Helse Førde	-10 367	-5 000	-10 000	-15 000
Helse Stavanger	2 418	5 000	-	-10 000
RHF	101 323	160 000	150 000	140 000
Helse Vest IKT	14 051	2 000	-	-2 000
Sum budsjettavvik	102 525	167 000	127 000	83 000
Reserve	140 397	153 000	153 000	153 000
Budsjettet resultat	200 188	204 100	204 100	204 100
Resultat	443 110	524 100	484 100	440 100

Alle tall i heile tusen

Med utgangspunkt i middelsprognosen vil resultatet i føretaksgruppa ligga på omlag kr 484 mill eksklusive effekten av nedskriving eigendommar Helse Fonna.


5.3 Likviditet


Helse Vest har ved utgangen av november ein netto likviditet på minus kr 883 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.



Driftskredittramma blir i løpet av året redusert og ved utgangen av året vil den vere på kr 1,998 mrd. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar





Samla sjukefråværsdagsverk stig i løpet av hausten. Dette er naturlege sesongmessige svingingar.

Måltallet for eit samla sjukefråvær er på 5,5 % eller lågare. For det sjukemeldte sjukefråværet er måltallet på 4,5 % eller lågare. Per november var det samla sjukefråværet på 7,0 % og eit sjukemeldt sjukefråvær på 5,8 %.


Del einingar med samla sjukefråvær under 5,5 % og sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % - november:

Andel totalt sjukefråvær for alle avdelinger, periode: 201111. Denne perioden.

Tal enheter totalt	Tal enheter < 5,5% totalt sjukefråvær	Andel under 5,5%
1499	935	62,37 %

Andel sjukemeldt fråvær for Alle avdelinger, periode: 201111. Denne perioden.

Tal enheter totalt	Tal enheter < 4,5% sjukemeldt fråvær	Andel under 4,5%
1499	974	64,98 %



Helseføretaka i Helse Vest	201012	201112	Endring 2010-2011	% endring
Merarbeid i kroner	277 680 782	306 999 129	29 318 346	11 %
Overtid i kroner	322 880 936	353 191 147	30 310 212	9 %
Merarbeid i timer	1 653 427	1 717 402	63 975	4 %
Overtid i timer	756 932	795 273	38 341	5 %
Brutto månedsverk	220 778	226 475	5 697	3 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Rapportering er i tråd med felles nasjonale indikatorar og i tråd med rapporteringskrav frå HOD. Det er 1966 faste tilsette som har registrert sin profil per 23. desember 2011.

Andel ansatte under 100% (deltid) og gjennomsnittlig stillingsprosent for utlønningsprosent, juridisk stillingsprosent og justert stillingsprosent for periode: 201112 og foretak: (Alle)

	Andel ansatte under 100 %	Gjennomsnittlig stillingsprosent	Måltal
	Kilde: Agresso	Kilde: Agresso	
Utlønningsprosent	43,06 %	84,20 %	
Juridisk stillingsprosent	38,57 %	85,72 %	
Justert stillingsprosent	34,64 %	87,04 %	87,70 %

Per 23. desember 2011

Tal medarbeidarar fordelt på stillingstype og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, stillingsprosent: alle stillingsprosentar og kjønn: alle kjønn

	Interne									
	Fast ansatt				Midlertidig ansatt					Totalt tal på tilsettingsforhold
	Fast	Permisjon med løn	Fungering/konstit.	Ulønnna permisjon	Midlertidig	Timelønna	Vikar	Ny stilling	Totalt tal på midlertidige tilsettingsforhold	
201012	16 148	792	154	1 154	1 435	6 957	3 259		11 651	29 899
201101	16 312	808	159	1 098	1 438	6 155	3 104		10 697	29 074
201102	16 349	806	163	1 137	1 497	6 207	3 121		10 825	29 280
201103	16 418	787	169	1 148	1 543	6 423	3 140		11 106	29 628
201104	16 410	796	168	1 178	1 544	6 331	3 163		11 038	29 590
201105	16 400	793	174	1 188	1 550	6 429	3 193		11 172	29 727
201106	16 565	706	171	1 140	1 539	6 311	4 376		12 226	30 808
201107	16 522	687	162	1 139	1 547	6 219	4 472		12 238	30 748
201108	16 493	780	156	1 163	1 644	6 537	3 185	1	11 367	29 959
201109	16 624	787	165	1 170	1 688	6 452	3 216	1	11 357	30 103
201110	16 674	790	160	1 178	1 711	6 422	3 254	1	11 388	30 190
201111	16 671	772	169	1 213	1 706	6 104	3 275	1	11 086	29 911
201112	16 590	780	163	1 234	1 691	6 006	3 195	1	10 893	29 660

Data overført frå Agresso: 23.12.2011 02:40

Tabellen gir oversikt over alle tilsettingsforhold. Ein medarbeidar kan ha fleire tilsettingsforhold

Fordeling av dei faste tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein måned.

Faste tilsette som kan starte i høgare stillingsbrøk i løpet av ein måned	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Totalt Helse Vest
mai	6	59	80	42	187
juni	26	85	146	78	335
juli	40	86	145	78	349
august	44	93	147	79	363
september	52	97	156	78	383
oktober	67	101	170	78	416
november	78	103	178	80	439
desember	89	108	187	80	464

Per 23. desember 2011

Leiarar har starta oppfølging av dei som ønskjer høgare stilling i løpet av ein måned. Per 23. desember 2011 er status:

Deltidskartlegging fordelt på hvor medarbeider har fått tilbudt høyere stillingsprosent og svar fra medarbeider. For foretak: (Alle), deltidsårsak: (Alle),

Lederoppfølging - tilbud om høgare stillingsdel - faste tilsette:			
	Egen enhet	Bemanningssenter	Totalt
Ikke registrert	0	0	0
Takket ja til tilbud	31	1	32
Takket nei til tilbud	3	10	13
Totalt	34	11	45

Per 23. desember 2011

7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltro til tjenesten	75	80	🟡	
Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-3	0	🟢	
Inntrykk av det regionale hels...	57	80	🔴	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-3	0	🟢	
Avvik tiltro pasienter og pårø...	0	0	🟢	

7.2 Tiltru til tenesta – november måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).


Prosentdelen som har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta er i november 75. Det er ein tilbakegang frå oktober, då tiltrua var på 77 prosent. Dette betyr at tiltrua går ytterlegare litt tilbake, og forsterkar trenden vi har sett sidan august, då den samla tiltrua var 81 prosent. Sjølv om endringa frå oktober til november ikkje er statistisk signifikant, er trenden frå august til november signifikant. Dette er no snart 4 prosent under gjennomsnittet for alle målingane, som er 79,1 prosent.

I november ser vi ein nedgang i tiltrua i alle regionane, unnateke Helse Førde. Både i Helse Stavanger og Helse Fonna er nedgangen på 4 prosentpoeng, mens han for Helse Bergen er 2 prosentpoeng. Helse Bergen er fortsatt den regionen der befolkninga har høgast tiltru til at ein får den behandlinga ein har behov for. I Helse Førde går tiltrua opp med 4 prosentpoeng.

Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	78%	●
2	Helse Stavanger	74%	●
3	Helse Fonna	71%	●
4	Helse Førde	70%	●

Utvikling over tid meget og ganske




7.3 Forskjell i tiltrua i gruppa pasient/pårørende samanlikna med gruppa andre

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørende og dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra, er i november -3 prosentpoeng og det er det same som for oktober. Dette betyr at den samla tiltrua er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra. Det er ein litt høgare del blant de som sjølve har vore pasientar som har svært stor tiltru.

7.4 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket er i november på 57 prosent, og er det same som for oktober. Dette er likevel under snittet for å alle målingane sidan mai 2008, som inkludert denne målinga er på 57,7 prosent.



5.4 Forskjell i tiltrua mellom gruppa pasientar og gruppa pårørande:

Denne er i november 0 prosentpoeng, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er lik blant dei som sjølv har vore pasientar dei siste tre åra som blant dei som har vore pårørande. Dette er det same som for oktober.